

**Til Ordføreren.**

**Interpellasjon om Meland sitt verdsansvar for elvemuslingen (Margaritifera) i Mjåtveitvassdraget.**

Biomangfaldet er meir og meir truga over heile verda. Meland kommune forvaltar på vegne at staten eit verdsansvar for den kritisk truga elvemuslingen. Ein levekraftig bestand blei mellom 2006 og 2010 nærast utradert. Men på den Nasjonale Elvemuslingkonferansen i år, vart Mjåtveitelva nemd som døme også på kor verdifullt samarbeid kan vere, alt arbeidet frivillige, bønder, utbyggjarar og kommunen har gjort og gjer for å få til gode vernetiltak.

No når nye, store utbyggingar kjem langs viktige sidebekkar til Mjåtveitelva, må ny ureining unngås. Samarbeidet som har fått nasjonal merksemd for godt vern, må vidareførast, så ein kan sikre vassdraget som ein økologisk levande biotop i framtida. Det er målet for Miljødirektoratet og Fylkesmannen, og må sjølv sagt også vere eit forpliktande og klart uttalt mål for Meland (Alver) kommune. Eit klart nedfelt mål er nødvendig for å sikre alles merksemd og innsats for vassdraget.

Den nasjonal elvemuslingkonferansen 13.-14. nov. 2018 i Bergen formidla mye kunnskap, erfaring og klare mål, og gir god bakgrunnsinformasjon for interpellasjonen. Eit referat er lagt ved og bes sendt alle representantane. Under gjengis det mest relevante for interpellasjonen:

**Situasjonen i Hordaland, Mjåtveit og Haukås.**

Stammene i Mjåtveitelva og Haukåselva er dokumenterte frå 1700 talet. Ved telling i 2009 fann ein bare daude muslingar i Mjåtveitelva. Men ein har funne muslinglarvar der i 2017 og 2018, noko som viser at der er vaksne individ att. Det vart også fortalt på konferansen at elvemuslingen kan vere tilstade i eit vassdrag sjølv om ein ikkje fin larvar der nokre år, opptil 30 år!

I Hordaland treng vernearbeidet dei få elvane ein har att, bestanden er kritisk truga, kunn to livskraftige stammar er att av 24, 13 er kritisk truga, 9 er utrydda. På verdsbasis er 95 % utrydda! I tillegg kjem at «data frå mange lokalitetar er viktig for å etablere betre forvaltingskunnskap», (sagt på konferansen). Ein har hatt for lite kunnskap om arten, trugsmåla og kva som er ei god forvaltning.

**Ein ny handlingsplan for elvemusling for 2019 til 2028 frå Miljødirektoratet har desse hovudmåla:**

1. Ein livskraftig populasjon i heile Noreg.
2. Oppretthalde dagens naturlege populasjon med tilfredstillande rekruttering.
3. Vassdraga skal få ein god økologisk tilstand.
4. Å setje ut muslingar i fem elver pr. år.

**Utaler frå NVE og Fylkesmannen nov. 2018 i samband med ny utbygging i Mjåtveitmarka, B5.**

«At Mjåtveitelven framleis har individ av elvemusling som rett nok truleg ikkje er levedyktig, men at det er eit mål å reintrodusere arten i vassdraget meiner vi òg er eit argument for at bekken bør få liggje urørt slik at ein unngår tilslamming ned mot hovudvassdraget...» (NVE)

«Det finst framleis individ av elvemusling i Mjåtveitelva, og det er eit mål at vasskvalitet og levevilkåra skal bli gode nok til at ein kan reintrodusere elvemusling til vassdraget.» (Fylkesmannen).

**Kan Ordføreren støtte følgjande miljømål for Mjåtveitvassdraget:**

Meland Kommune har som mål at Mjåtveitvassdraget igjen skal bli ein naturleg biotop for ein levedyktig stamme med elvemusling (Margaritifera).

Leif Johnsen, Miljøpartiet Dei Grøne, Meland.